

# 2009

## Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedtatt i sak 8/2010

Sirdal sokneråd 17. februar 2010

# 1. Organisasjon

## A. Soknerådet si verksemd

### **Samansetning fram til valet**

Aud Ingrid Løland Fidjeland – leiar, Ola Lindeland – nestleiar, Tone Marit Bjørnstad, Margrethe Handeland, Inger Johanne Ousdal og Solbjørg Tjørhom.

Egil Netland - kommunal representant, Sigurd Flydal - geistleg representant

Per Øyvind Grimsby – 1. vara, Johannes Hompland – 2. vara

### **Nytt sokneråd frå 1. november 2009**

Reidun Sirnes – leiar, Inger Johanne Ousdal – nestleiar, Kenneth Omlie, Svein Hompland, Johannes Hompland, Solveig Haugdom.1. vara: Stein Bergsåker, 2. vara Velaug Ådneram, 3. vara: Turid Skregeli, 4. vara Tom Johansen og 5. vara Per Øyvind Grimsby.

### **Saker**

Soknerådet har i 2009 hatt 6 møte og behandla 46 saker. Møta har vore på Kyrkjesenteret, Lunde skule og Tonstadli. 26 saker har vore soknerådssaker og 20 har vore fellesrådssaker.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med året som har gått har vore førebuing av soknerådsvalet, førebuing av handikaptilgong til kyrkjene og minnesmerke for Petter Strømsing. 29. oktober var det felles møte mellom gammalt og nytt råd, og då det nye rådet overtok var det viktig å tenke gjennom korleis ein skal arbeide i den kommande soknerådsperioden

### **Kyrkjeleg administrasjonsutval**

Aud Ingrid Fidjeland

Ola Lindeland

Margrethe Handeland

Per Sverre Kvinlaug, arbeidstakarrepresentant (KFO)

Hanne Fodstad, arbeidstakarrepresentant (MFO)

### **Forhandlingsutval:**

Solbjørg Tjørhom

Per Øistein Rogstad (dagleg leiar)

### **Gudstenesteutval**

Arnhild Bjørndal

Anne Turid Solberg Garnica

Inger Johanne Ousdal

Gunnlaug Seland

Johannes Hompland

Siv Olaus Lindeland Tonstad

Hanne Fodstad

Sigurd Flydal

### **Undervisnings- og konfirmantutval**

Trine R. Ousdal

Ester Tjørhom

Jørgen Tjørhom

Laila Øksendal

Per Sverre Kvinlaug

### **Diakoniutval Tonstad**

Tone Marit Bjørnstad

Kent Seland

Laila Øksendal

### **Diakoniutval Øvre Sirdal**

Aud Ingrid Fidjeland

Karen Kristine Sinnes

Anna Kvæven

Asta Lunde

### **KN- komité**

Anders Berg

Steinar Tjomlid

Per Sverre Kvinlaug

### **Syskenringen(repr. frå kyrkjelyden)**

Ola Lindeland

Sigurd Flydal

Per Sverre Kvinlaug

## B. Tilsette

Ester Tjørhom

Karl Edvald Fjeldsaa

Målfrid Kvæven

Tone Marit Bjørnstad

Arne Skregeli

Hanne Fodstad

Per Sverre Kvinlaug

Per Øistein Rogstad

Kristin Liland

Kyrkjetenar i Kvævemoen kapell

Kyrkjetenar/reinhaldar i Lunde kyrkje

Reinhaldar i Lunde kyrkje

Kyrkjetenar

Kyrkjetenar/reinhaldar i Haugdom kapell

Organist (100%, arbeidsstad alle kyrkjer)

Kyrkjelydsarbeidar

dagleg leiar for fellesrådet

Reinhaldar på Kyrkjesenteret

## 2. Statistikk for kyrkjelydsarbeidet

Statistikk	2007	2008	2009
Gudstenester o.l.	76	79	73
Deltakarar	5179	5656	5445
Snitt pr gudsteneste	68,1	71,6	74,6
Dåp	17	16	22
Konfirmantar	13	16	18
Vigslar	5	7	4
Gravferdar	27	21	11

## 3. Rekneskap

	2008	2009
Driftstilskot, kommune	2280000	2394000
Tilskot andre driftstiltak	200000	400000
Tilskot frå staten	43000	27406
Årets overskott/underskot:	94611	-85650

### Diposisjonsfond

Rest konto Øvre Sirdal	35098	35098
Rest konto Tonstad	26816	26816
Avsett til salmebøker	30000	30000
Handikapinngang, kyrkjene	50000	
Ubundne kapitalfond	21817	
Disposisjonsfond pr 31.12:	412191	398358
Sum disposisjonsfond	575922	490272
Ofringar til andre organisasjonar	162749	146656
Innsamling til Fasteaksjonen	49820	42888
Offer til kyrkjelydsarbeidet	26270	23119
Kollekter ved konsertar	21553	20595
Ofringar ved gravferd	25890	14734

## 4. Verksemda – administrasjon, bygg og anlegg

### A. Kyrkjene

Mål for 2009:

- Male Tonstad kyrkje
- Handikaptilgang til Lunde kyrkje

Det største løftet i 2009 var ny handikaptilgang ved Lunde kyrkje. Det er tilrettelagt med ei rampe inn mot hovudtrappa frå nord. Arbeidet blei utført av Sven Tveit, Siemens hadde ansvar for å legge varmekablar, Morten Skretting la skifer på rampa og Øyvind Moen har gjort tilpassingar med dør for å gjere det enklare å kome inn. Tom Johansen har måla Tonstad kyrkje, men arbeidet må fullførast i 2010.

I 2009 blei planane for handikaptilgang ved Haughom kapell godkjent av Agder og Telemark biskop etter råd frå Riksantikvar. Ved Tonstad kyrkje blei planane for handikaptaolett ved Kyrkjestova også godkjent. Dette er tiltak soknerådet ønskjer å gjennomføre i 2010.

Planane ved Kyrkjestova inneheld også utviding av møterommet slik at det kan nyttast meir til kyrkjekaffi og konfirmantundervisning og andre møte.

I Tonstad kyrkje har ein fått godkjent å sette inn ein liten lysglobe og ein bønneskammel ved handikapinngangen. Dette vil bli realisert 1. kvartal 2010.

I haust oppstod det ein feil på det elektriske ringeanlegget i Tonstad kyrkje. Dette medførte at vi tok ein større oppgradering innanfor driftsbudsjettet.

### B. Kyrkjegardane

Mål :

- Legge til rette for at kyrkjegardane er gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der.

Samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av kyrkjegardane held fram. Frå vårt ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den utnyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte. Kyrkjegardane er stadig i

utvikling. Tilrettelegginga for kompostering av planteavfall, kan stadig forbeholdt. Det fungerer best der det er kort avstand mellom kompost og anna søppelhandtering

#### Gravstell

Asvo har overtatt stell gravene ved Skeihaugen og Haughom kyrkjegard. Mai Bente Bjordal steller gravene ved Lunde kyrkjegard. Jofrid Sinnes steller fire graver ved Kvævemoen kyrkjegard. For tida har vi avtaler om stell av 16 graver på Skeihaugen, 12 på Lunde kyrkjegard, 4 på Kvævemoen og ein på Haughom.

Dei fleste gravstellavtalene er basert på at det blir betalt inn ein sum som står disponibel for gravstell. Frå 2003 fekk vi fleire som ønskte å betale inn gravstellet år for år.

### C. Kyrkjesenteret

Husvære i 2. etasje er for tida utleigd. Øyvind Skadberg flytta ut i haust, og Tom Johansen har no overtatt husværet. 1 etasje brukast til kyrkjekontor, mens i kjellaren er det for tida ikkje noko verksemd.

Planane for nytt storsenter som har vore omtala i media som også gjeld egedomen til kyrkjesenteret, har stoppa litt opp. Det er pr nå lite realistisk at desse planane blir gjennomført.

### D. Arbeidsgjevaransvar

Wei Xiao har slutta som reinhaldar i Kvævemoen kapell, og Ester Tjørhom har inntil vidare vore viljug til å ta hand om dette i stillinga si som kyrkjetenar. Det er vi takksame for. Målfrid Kvæven sa opp stillinga si som reinhaldar ved Lunde kyrkje, og denne stillinga er nå vakant. På Kyrkjesenteret overtok Kristin Liland reinhaldsarbeidet etter Gretha Hompland

Ingrid Berg, Arne Bjørn Hetland, Galib Mammadov, Reidar Mæstad og Oddbjørn Stakkeland, har alle vikariert som organistar i året som har gått.

Per Sverre Kvinlaug er for tida varaordfører i Kvinesdal, fram til sommaren vikarierte Tove Lindefjell Helle litt for han. I haust klarte vi ikkje å få på plass nokon tilfredstillande ordning. Difor er vi takksame for at vi frå januar 2010, har fått inn Anne Grethe Josdal i 20 % stilling.

## 5. Verksemda - kyrkjelyd

### A. Gudstenesteliv

*Mål 2009-2010:*

- *At gudstenestene kan involvere og engasjer nye grupper i kyrkjelyden.*

Soknerådet har oppnemnd eit særskilt gudstenesteutval som arbeidar no med forslaga til nye gudstenesteliturgi for den norske kyrkje. Kyrkjemøtet skal fastsette nye liturgi i november 2010, som blir gjeldande frå 1. søndag i advent 2011. I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2009 vore arrangert mellom anna:

Årsfest Tonstad bedehus 15. februar

Friluftsgudsteneste på Kvinen Langfredag 10. april og Olsok 26. juli)

Friluftsgudsteneste på Stedjefjell 21. mai i samarbeid med kyrkjelydane i Kvinesdal og Kvinesdal historielag.

Kyrkjelydstur til Feda 1. juni (2. pinsedag)

Fellesgudsteneste med Valle og Bykle på Roskrep kraftstasjon 16. august

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha turar i samband med gudstenester i kyrkene. Det har vore vekslande frammøte på turane, men mange har sett pris på eit slikt tilbod. 14. juni var det tur på Oftedalsheia etter gudstenesta i Haughom kapell og 5. juli var det vandretur på Homplandsheia etter gudstenesta i Tonstad kyrkje.

I påska blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke gudstenester og andaktar rundt i kommunen. Laurits Bauge var årets påskeprest med base i Kvævemoen kapell. Han hadde mellom anna ansvar for gudstenestene i Øvre Sirdal og andakten på familiesamlinga på Sirdal Fjellmuseum på påskeaftan. Dette har blitt eit populært tilbod for mange turistar, om lag 100 var til stades i 2009. Også andaktane i Ålsheia og på Josdal er godt innarbeid. Tore Haughom er ein trufast andaktshaldar på Rubestøl og Marestøl på Øksendalsheia. Gudstenesta på Kvinen langfredag har aukande oppslutnad.

To spennande prosjekt i 2009 var myldregudsteneste for dei minste i Tonstad kyrkje i mars og Barnas dag i Kulturhuset 8. november.

### B. Kyrkjemusikk

*Mål 2007-2010:*

- *At vi framleis prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Hanne Fodstad gjer ein flott jobb med Tonstad Blandakor og Tonstad Barnekor. 23 var med i blandakoret i vår, mens 26 deltok i haust. Tonstad barnekor samla 17 songarar i vår, mens i haust lå oppmøtet frå 13-16. Kristin Valle var dirigent for Cantarellene i vår med 15 jenter. Hanne Fodstad overtok koret i haust, og nå har fleire av songarane starta i ungdomskoret.

I Øvre Sirdal er det ei spennande nyvinning i barnarbeidet. Barnekoret Sing Bell og søndagsskulen har gått saman om å arrangere storsamlingar i kjellaren i Kvævemoen kapell ca ein gong i månaden. På desse samlingane er både kor og søndagsskuleopplegget Sprell levande viktige ingrediensar. Oppslutning har vore god om desse samlingane, med om lag 10 ungar i barnekoret Sing Bell. Våren 2009 var det også eit kortilbod for 5.-7. klasse i Øvre Sirdal, Korallene. Sju jenter deltok på øvingane annan kvar veke under leiing av Hanne Fodstad

Korallene og Cantarellene deltok på barnegospelfestival i Arendal i vår. I haust hadde Cantarellene og barnekora konsertar saman med jentegruppa Seven og Lisa Børud.

Per Sverre Kvinlaug samlar framleis ein flott ungdomsflokk i ungdomskoret. Koret har for tida om lag 20 medlemmar. Koret hadde to spennande konsertprosjekt i saman med Kefas ungdomskor i Kvinesdal.

14. februar hadde Kefas og Sirdal ungdomskor konsert i lag med to amerikanske gospelkonsertar. Dagen etter var dei i Kvinesdal

25. mai hadde Schola Vocalis frå Kvinesdal konsert i Tonstad kyrkje.

6. juli Konsert med Ingrid Berg i Tonstad kyrkje

6. september framførte Sirdal Blandakor med innleigde solistar og musikarar "Den hemmelige hagen" i Kvævemoen kapell under Sirdalsdagane.

15. oktober: Konsert med den svenske accordianisten Johan Andersson

20. september. Jentegruppa Seven hadde konsert i lag med barnekora i Sirdal på Kulturhuset

8. november konsert med Lisa Børud og barnekora på Barnas dag i Kulturhuset.

6. desember: Adventskonsert med Kefas og Sirdal ungdomskor

20. desember song Sirdal Blandakor jula inn i Tonstad kyrkje

Ut over dette deltok dei ulike kora på mange gudstenester i året som gjekk. Vest-Agder kammerkor var med på gudsteneste i Tonstad kyrkje 3. mai.

## C. Undervisning – barn og ungdom

*Mål for perioden:*

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

Soknerådet har oppnemnd eit konfirmant og undervisningsutval med særleg ansvar for dette område. Speidararbeidet er historie på Tonstad. Aktiviteten til KRIK har vore heldt i gang med yngres-KRIK på Tonstad og KRIK-kveldar for Øvre Sirdal ungdomsklubb. Skulelaget har lag både på ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

Øvre Sirdal ungdomsklubb hadde ikkje så mange samlingar i året som gjekk, men ein vonar at det kan ta seg opp att.

Storsamlingane for barn frå 4 -13 år i Kvævemoen kapell, er eit samarbeid mellom barnekoret Sing Bell og søndagsskulen på Tjørhom. Dette har blitt tatt godt imot med framleis ganske god oppslutning.

Kyrkjemøtet vedtok ny plan for trusopplæring i 2009, og den utfordrar oss til å tenke nytt om arbeidet. Konfirmant- og undervisningsarbeidet vil ta fatt på arbeidet med ein lokal plan.

Konfirmantarbeidet er ein viktig del av ungdomsarbeidet som vi nyttar store ressursar på. Undervisning, og heimesamvær, er sentralt i opplegget.

Kyrkjelyden har ein samarbeidsavtale med skulen. Her inngår mellom anna skulegudstenester, Bibelkurs for 5.klassingane og besøk i kyrkja i 4. klasse.

Samarbeidet med barnehagane er også godt. Dei har ein enkel gudsteneste før jul, mens dei får besøk frå kyrkja før påske.

## D. Diakoni og misjon

*Mål for perioden*

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelydane.*
- *Arbeide for å gje eit betre tilbod til turistane*

### **Misjon/internasjonalt engasjement**

Tonstad kyrkjelyd har sida 90-talet støtta misjonsarbeidet til Det Norske Misjonsselskap i Paris. Særleg arbeidet til Jean Claude Dibundi ved "Håpets senter". Senteret arbeidar blant afrikanske studentar samt innvandrarar med ulik bakgrunn. Dette er eit særst viktig arbeid for at desse skal bli bevart i den kristne trua, og nye bli vunnne.

Øvre Sirdal støtta eit misjonsprosjekt i Aserbajdsjan, der Normisjon driv eit spennande arbeidet. Det nye soknerådet har valt å vidareføre begge desse prosjekta. Ei misjonsforeining blei starta for nokre år sida for å arbeide for prosjektet i Aserbajdsjan.

Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del.

### **Diakoni og eldrearbeid**

Vår songkveld på Tjørhom har kome i staden for dei tradisjonelle eldrefestane. Dette er eit samarbeid mellom diakoniutvala og Sirdal blandakor. Diakoniutvala har delt ut songbaka Syng Med til alle 75 åringar. Dei andre jubilantane fekk ein bordkalendar eller blommar.

Vi har fått til ein ny tradisjon med å innby alle som blei konfirmert for 50 år sidan til gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag på Sirdal høvfjellshotell.

### **Vegkyrkje og open kyrkje**

Det var ikkje nokre opne kyrkjer i år.

Under Sirdalsdagane var det kafedrift i regi av NMS si misjonsforeining på Tonstad i kapellkjellaren. Dei selde også lodd til basaren deira.

### **Grøn kyrkjelyd**

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere gode forvaltarar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald og kompostering på kyrkjegardane er nokre av tiltaka.

## **E. Felleskyrkjeleg arbeid**

Syskenringen som har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er dermed eit viktig samarbeidsorgan. Per Sverre Kvinlaug brukar ein del av stillinga si i dette arbeidet.

I januar hadde dei ansvar for tre felleskristelege bønnesamlingar. 20. februar var det fellesskapskveld i Tonstad kyrkje med Lennart Larsson og Nils Kåre Strøm. Det deltok og så representantar frå organisasjonen Caminul Felix frå Romania.

Ein nyskaping i 2009 var Sprell levande samling på Eliastunet 10. mai. 170 store og små var samla.

2. påskedag i Haughom kapell, adventsamlinga på Tonstad som startar med julegranntenning på Eliastunet og held fram med konsert i kyrkja og midnattsmessa på nyttårsaftan, er også felleskristelege arrangement.

## **F. Informasjonsarbeid**

*Mål for perioden:*

- Vidareutvikle nettstad og Kyrkjesida i Sirdølen

Dette er eit prioritert område. Både dagleg leiar og kyrkjelydsarbeidar bruker tid til dette arbeidet. Vi meiner framleis at det er teneleg å ha Kyrkjesida i Sirdølen. Den er ein viktig informasjonskanal. Nettstaden har godt besøk. Vi er stolte over den nye nettsida som blei lagt ut 1. oktober 2009. Gjennom den når vi ut til ulike grupper. Avisen Agder er stadig innom og hentar notisar til avisa. Ein viktig informasjonskanal er sms-varslng. Dette er mykja nytta i ungdomsarbeidet og konfirmantarbeidet, men kan også med hell nyttast mot vaksne.

## **G. Kyrkjevalet**

14. september blei det gjennomført kyrkjeval samstundes med Stortingsval. I tre valkrinsane i Sirdal var vala i same lokaler, mens på Tonstad var kyrkevalet på Kyrkjesenteret og Stortingsvalet i rådhuset. Det var første gong det blei arrangert direkte val til bispedømmerådet. Valoppslutninga i Sirdal var god, 22 % ved soknerådsvalet og 18 % ved bispedømmerådsvalet. Det var krevjande å få nok valmedarbeidarar, men det løyste seg. Valordninga var også ei utfordring. Den var ulik på dei to kyrkjevala og mykje meir krevjande enn ved Stortingsvalet. Det nye soknerådet overtok 1. november.

# **6. Framtidsutsikter**

I arbeidet med budsjett 2010 og økonomiplan 2010-2013 formulert soknerådet desse måla:

## **D. Mål for 2010-2013**

- Tilrettelegge alle kyrkjene for funksjonshemma
- Kyrkjegardane kan vere gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der.
- Automatisk ringeanlegg ved Kvævemoen kapell
- Utarbeide lokal plan for trosopplæring i tråd med sentral plan som blir vedtatt på Kyrkjemøte november 2009.
- Lokal diakoniplan – vidareutvikle det diakonale arbeidet i tråd med sentralt vedtatt plan
- Plan for kyrkjemusikk – vidareutvikle det kyrkjemusikalske arbeidet i tråd med sentralt vedtatt plan
- Arbeid med gudstenestefornyng i tråd med ny gudstenesteliturgi som Kyrkjemøte skal vedta november 2010.

## **E. Prioriteringar 2010**

- Handikaptilgang til Haughom kapell
- Handikaptalett og oppgradering av Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje.